



# DEN NORSKE KYRKJA

## Trusopplæring

### Samarbeidsavtale

- mellom kyrkjelege fellesråda Etnedal og Sør- Aurdal.
- mellom sokneråda Bruflat, Nord- Etnedal, Bagn, Hedalen, Begnadalen, Reinli og Leirskogen.

Fellesråd	Vedtak – sak nr og dato
Etnedal kyrkjelege fellesråd	Saknr. 29/2024 – 27.11.2024
Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd, og soknene: Bagn, Hedalen, Begnadalen, Reinli og Leirskogen	Saknr.
Bruflat sokneråd	Saknr. 03/2025 – 19.02.2025
Nord- Etnedal sokneråd	Saknr.

### 1. Definisjonar

Etnedal kyrkjelege fellesråd blir økonomisk og administrativ eininga for trusopplæring i Sør- Aurdal og Etnedal.

Tidsperspektiv: 2025 - 2030

Eigarane av trusopplæringa er sokna: Bruflat, Nord-Etnedal, Bagn, Hedalen, Begnadalen, Reinli og Leirskogen,

Sokna er fordelt på to fellesråd: Etnedal og Sør- Aurdal.

### 2. Grunnlag og bakgrunn

Alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja får tildelt midlar for å drive trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år. Planen for trusopplæring, vedteke av Kyrkjemøtet 2009, er retningsgjevande for trusopplæringsarbeidet i den einskilde kyrkjelyden. Midlane til trusopplæring er i hovudsak fordelt ut frå talet på born og unge i kyrkjelydane.

Alle lokale trusopplæringsplanar for sokna i Etnedal og Sør- Aurdal vart godkjende av Hamar biskop i desember 2014, og dei vert sendt inn til revidering i desember 2021 og godkjente på nytt.

Alle sokneråda har vedteke sin lokale plan som styringsverktøy. Sokneråda skal etter godkjenning, ha lokal trusopplæringsplan til vurdering, evaluering og vidareutvikling ein gong kvart år. Etter fem år sendast dei lokale planane til Hamar biskop for enda ei ny evaluering.

### 3. Økonomi og organisering

Etnedal kyrkjelege fellesråd er den administrative, økonomiske eininga for trusopplæring i Sør- Aurdal og Etnedal. Trusopplæringsmidlane blir utbetalt til Etnedal kyrkjelege fellesråd etter reknskapsrapportering til rDnK - 15. mai kvart år.

Etnedal kyrkjelege fellesråd har arbeidsgjevaransvar for tilsette i samband med trusopplæring. Etnedal kyrkjelege fellesråd er medlem av Kirkens Arbeidsgiver- og interesseorganisasjon og har pensjonsordning i KLP.

Trusopplæringa finansierer si drift gjennom tildeling av midlar som er løyvd over statsbudsjettet og fordelt av Kyrkjerådets sekretariat.

Fellesråda og sokneråda i Etnedal og Sør- Aurdal forpliktar seg til eit godt samarbeid for å utvikle, gjennomføre og vidareutvikle trusopplæringa i dei to fellesrådsområda.

#### **4. Tilsette**

Dei tilsette i trusopplæringa har Etnedal kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar.

Etnedal tek hovudansvar for økonomi, personal, rapportering og planarbeid.

Trusopplæringsmedarbeidar skal planlegge, legge til rette og delta i breiddetiltak i dei lokale kyrkjelydane og kommunene, i samarbeid med staben, rådsmedlem og frivillige i begge fellesrådsområda.

Kriterier som vert lagt vekt på i tilsettingsprosessen var/er:

Fagleg kompetanse, personlege eigenskapar, medlemskap i Den norske kyrkja og lojalitet til trus- og læregrunnlaget i kyrkja innanfor rammene i biskopen sitt tilsyn.

#### **5. Endringar i samarbeidsavtalen**

Endringar i denne avtalen skjer ved at alle gjer like vedtak.

#### **7. Iverksetting**

Denne samarbeidsavtalen gjeld etter like vedtak i alle råda i Etnedal og Sør- Aurdal.

Etnedal 12. november 2024

Marie Bjørnødegård